

# Årsmelding 2014

## Styret

I styret har vore: Jan Flore (leiar), Idar Nygård (nestleiar), Tore Saur (kasserar), Paul Hatledal (sekretær), Thore Heggen og Håvard Solvik. Vara til styre har vore: Rasmus Flore og Susanne Hove Sollid.

Det har vore 9 styremøter og det har vore handsama over 40saker.

Det har vore fellesmøte med Stryn skyttarlag og Sunnlyven skyttarlag. Ein har inngått leigeavtale av Sindre skytebane med Sudstranda og med Heimevernet. Avtala med Sudstranda gjeld i fyrste omgang fram til rehabilitering av Sindre er fullført, avtala med Heimevernet gjeld fram til 2024.

Utsendingar til ombondsmøte på Nordfjordeid var: Jan Flore, Paul Hatledal, Idar Nygård og Tore Saur.

## Anlegg

På miniatyrbana på Ytrehorn er det skifta standplassmatte, anna nødvendig skivemateriell. Elles ingen større investeringar.

På Sindre er Skytehuset og Paviljong vorte malt. Ein har fått rydda vekk ein del gamle etterlatenskaper. Skadane frå flaumen i 2011 er utbetra med plastring og nytt gjerde. Ein har også grøfta frå kommunal veg og ned til bana samt etablert ny stikkrenne og fjerna ein del skog. Standplass og skiver er det kun utført normalt drift vedlikehald.

Takk til anleggsnemnd for vel utført arbeid.

Ein arbeider med å få på plass felles låssystem for Sindre og Ytrehorn.

## Arrangement

Hornindal og Markane skyttarlag har i år arrangert Vintertreffen(miniatyr) 31.jan-2.feb med 100deltakarar derav 26 frå eget lag. Vi har arrangert Lagsskyting i miniatyr der alle skaut klasse 1 program. Olsokstemne blei i år arrangert 24-27.juli med 206 deltakarar derav 19 frå eget lag. Lagsskyting bane blei arrangert 12-13.aug med 17 deltakarar.

Skyttarlaget har hadd representantar på 45stemner inkludert 10deltakarar på Landssyttarstemne i Sandnes.

Det blei gjennomført merkeskyting for Gullhjorten, Dugleiksmärke og N.A.I.S.

Laget har faste treningar for Senior og rekruttering.

## Resultat

Lagsmeister i miniatyr vart i år Sigfred Lillestøl (kl 1), lagsmeister bane vart Andreas Solvik (kl 4). Knut Lillestøl (V65) har hatt ein god sesong. Oppnådde 350p på Bryggjastemnet i mai, han vart også samlagsmeister på felt, bane og miniatyr. I tillegg blei Knut i år Norgesmeister i skogsløp med skyting.

Geir Magne Muldsvor har skote til Norma medalje. Med resultat 245 på samlagsstemne og 242 på LS.

- På samlagsstemne miniatyr hadde laget 8 deltakarar, av dei 3 frå rekrutteringsklassene. Laget hadde 2 klassevinnarar i klasse 4 og V65.

- På samlagsstemne bane hadde laget 12 deltakarar og av dei 4 frå rekrutteringsklassene. Laget hadde 3 klassevinnarar, klasse 1,2 og V65. I tillegg fekk vi ein 2. plass i klasse Junior.
- På samlagsstemne felt hadde laget 12 deltakarar, av dei 8 frå rekrutteringsklassene. Laget hadde 3 klassevinnarar, klasse Jun, 2 og V65. I klasse jun fekk vi dei 3 første plassane (1. plass Bjørn Ove Muldsvor, 2.plass Silje Ludvigsen og 3.plass Oda Ludvigsen ) og ein fin andreplass i ER (Geir Magne Muldsvor).
- På Toyota cup 2014 var det 6 skyttarar som kvalifiserte seg, derav 1 rekrutteringsskyttar. Vi fekk 2 klassevinnarar i klasse 1 (Jan Flore) og klasse 2 (Alf Muldsvor)

## Rekruttering

Vi har hatt eit år med god aktivitet. Vi har hatt 2 treningskveldar for veka i vinter, med deltakarar opp mot 15 stk på det meste. Vi avslutta sesongen med ein opplevelsesrik tur til Ljøsetra i juni, der vi fekk servert suppe og bade i stamp.

Vi hadde 9 deltakarar med på Nordfjord Skyttarsamlag si samling i feltskyting på Bryggja. Vi fekk innpass i skulen, og greidde å gjennomføre prosjekt i skulen. Vi fekk samtidig gjennomført Landskonkurransen i skulerifleskyting, der Hornindal skule fekk ein flott 4. plass.

Vi har hatt deltakarar på dei fleste stemna som har vore arrangert av rundtliggande skyttarlag. På Landskyttarstemnet i Sandnes deltok 10 skyttarar og av desse var 5 i rekrutteringsklassene. Vi har hatt kjekke og sosiale turar på stemner, som har knytt ein sterkare saman og er med på å skape eit godt skytemiljø.

Leiar for Ungdomsutvalet har vore Alf Muldsvor.

## Aktivitetar

Jegercupen har vorte arrangert i år som før, men med noko sviktande deltakarantall. Årets jeger 2013 og 2014 vart arrangert. Årets jeger 2014 vart kansellert arrangørkveld då nesten ingen møtte.

Jaktskytinga har gått føre seg som tidlegare år. Det har vore muleg å skyte opp til prøve i tidsrommet mai til august. I år hadde vi i tillegg til dei faste tysdagane også ein fredag med oppskyting.

Vi har arrangert skyteskule for 8 rekrutteringsskyttarar med foreldre, og hatt fem stk på instruktør 1 kurs.

## Utleige

Bana har vore utleigd til Stryn og Hornindal Jeger- og fiskeforening, Tussa, Sudstranda skyttarlag, to private arrangement, samt Heimevernet. Har fått forespørsel frå politiet om bruka av bana.

## Økonomi

Økonomien i laget er framleis god, men siste års resultat viser ein negativ trend. Bingo inntektene er halvert frå det ein har rekna som normalt nivå. Subsidiar til medlemmane kostar også. Styret har gjort framlegg om auka satsar for å kompensere tapte inntekter og balansere nivået mellom medlem og ikkje medlem. Laget er avhengig av å snu den dårlege trenden i

økonomien. For å kunne greie investeringar på Sindre vil ein måtte gjere grep for å stabilisere økonomien og vise til overskot.

Flore 21.okt.2014  
Jan Flore – leiar-